


Flaumsikring i det verna Vossavassdraget



VERNEVERDIAR: – Ein kan ikkje byggja «skånsam» kraft med produksjon av ein betydeleg storleik, som er foreinleg med desse verneverdiane, meiner innleggsskribentane. Her Raundalselva gjennom Rastalii. Foto: Sveinung Klyve

Av Gabriel Fliflet (leiar Naturvernforbundet Hordaland), Ivar Turøy (leiar Norges Jeger- og Fiskeforbund, Hordaland), Elisabeth Skage (styreleiar Bergen og Hordaland Turlag) og Gunvar Mikkelsen (koordinator Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland)

Publisert:
04.12.22 15:00 

Del

Å få til god flaumsikring er ein viktig del av samfunnet si klimatilpassing. Årets haustflaum på Vestlandet har diverre resultert i ein mangelfull offentlig debatt om vern av vassdrag.

MEININGAR

Dette er eit debattinnlegg. Innlegget gir uttrykk for skribenten sine haldningar.

Naturvern- og friluftslivsorganisasjonane i regionen vil at naturverdiar skal vektleggjast og omtalast korrekt i samfunnsdebatten. Me vil med dette prøva å bidra til ei meir opplyst tilnærming i saka.

Vossavassdraget er verna med bakgrunn i eit breitt spekter av naturverdiar — gjeve att her: «Vernegrunnlag: Størrelse og beliggenhet sentralt på Vestlandet, sør for Sognefjorden. Vassdragets elver, vann og våtmarksområder hører til et variert og kontrastrikt landskap som omfatter høyfjell, dalsider og daler/lavland. Elveløpsformer, isavsmeltingsformer, botanikk, landfauna og vannfauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Store kulturminneverdier. Viktig for friluftslivet.»

Ein kan ikkje byggja «skånsam» kraft med produksjon av ein betydeleg storleik, som er i samsvar med desse verneverdiane. Vasskraft er på mange vis enkel fysikk. Mengde vatn og fallhøgde er lik kraft. Det vil seia at om ein skal produsera kraft i ein storleik som gjev noko reell auke i energitilgang og økonomisk inntening, er ein nøydd å leia så mykje vatn som råd ut av elva over ein lang distanse, før vatnet renn inn att i elva. Konkret har me sett det er prosjektert å leia vekk 50.000 liter per sekund over ein distanse på nær 20 kilometer. Raundalselva har ei middelvassføring på om lag 20.000 liter per sekund, og elva er ein stad mellom 40 og 50 kilometer lang. I praksis vil ein nærmast turrleggja halve elva, store deler av året.

Det synest å vera ei utbreidd misoppfatning at kraftverket berre skal gå når det er flaum og trong for å leia vatnet vekk. Det er ikkje tilfelle: Eit kraftverk som skal betala for flaumsikring vil gå heile tida, og såleis vera eit permanent inngrep — det er ikkje butikk i å berre skru på når det er flaum. No er avbøtande tiltak, som minstevassføring, ein del av slike nye prosjekt. Men å hevda at dette fjernar skaden på naturen, er feil. Avbøtande tiltak er vanleg i mange byggjeprosjekt, men om ein ny motorveg skal gjennom eigedommen din, vil ikkje eit avbøtande tiltak som støyskjerm vera lik «ingen konsekvens». For ordens skuld: flaumtunellar som berre leier vatn vekk under svært store flaumar vil ikkje vera i like stor konflikt med verneverdiane.

Det er opplagt at fråføring av mesteparten av vatnet i halve elva vil gje store skader på verneverdiane i vassdraget. Landskapsverdiar heng nært saman med vassføringa i elva. Friluftslivsverdien er heilt avhengig av vassføringa. Dyre- og plantelivet i og ved vassdrag har gjennom tusenvis av år tilpassa seg dei gjeldande forholda, mellom anna når det gjeld vassføring. Det er også mange døme på artar som i dag er trua av utrydding på grunn av den massive vasskraftutbygginga både nasjonalt, og særleg i vår region. 75 artar i norske elvar og innsjøar er kritisk eller sterkt truga, 232 artar er sårbare eller nær truga, og vasskraftutbygging er blant dei tre største grunnane til dette.

Ein nykomar på raudlista er villaksen — all villaks i Noreg får no plass i tre merdar i eit oppdrettsanlegg. Vosso er eit av våre nasjonale laksevasdrag (St.prp. nr. 32, 2006—2007), der nye tiltak og aktivitetar som kan skada villaksen ikkje er tillate. Laksestamma i Vosso er i dag sterkt truga, og kraftutbygging vil gjera situasjonen endå verre for den vidgjetne Vossolaksen. Nye studiar viser også at vatnet som kjem ut av kraftturbinar i 70 prosent av undersøkte vassdrag har gassovertmetning 30 km nedover i vassdraga, som er dødeleg for ei rekkje artar i elvane, spesielt botndyr, som er ein svært viktig del av økosystemet. Så både det at mesteparten av vatnet vert ført vekk frå elva på ei lang strekning. og at vatnet

vert sendt gjennom turbinar, har store konsekvensar for livet i ei elv.

Me registrerer at dei nyare kraftverksplanane i Raundalselva har null flaumdempande effekt i seg sjølv, men utelukkande fungerer som delfinansiering av flaumsikringa. Valet mellom flaumsikring og vern er difor eit konstruert val. Dersom tunnelane skal byggjast, må ein velja kvar ein skal henta finansieringa frå. Valet står mellom å byggja ned naturverdiar, eller omprioritera — kanskje på statsbudsjettet. Å verna natur vil alltid ha ein lett synleg kostnad, då det gjerne kjem i konflikt med store prosjekt som kan visa til økonomisk inntening. Å synleggjera kostnaden ved å byggja ned natur er ikkje like lett, men World Economic Forum meiner at tap av natur og biologisk mangfald er eit av dei største trugsmåla mot verdsøkonomien dei neste 5—10 åra.

I tillegg kan ikkje alle sider ved utrydding av ein art eller tap av eit friluftslivsområde talfestast i ein rekneskap. Dette er i seg sjølv ein viktig grunn for at verneplanane for vassdrag vart vedtekne, og dette var også Einar Gerhardsen sitt argument då han tala om innføring av samla plan for vassdrag: «Så lenge kampen står om det enkelte vassdrag, kan det alltid mobiliseres så mange argumenter og så mye politisk press at utbyggingssynet seirer», uttalte han. Derfor meinte Gerhardsen at det var naudsynt med ein samla og bindande plan for å setja grenser for vasskraftutbygginga, for å unngå at Noreg sin eineståande natur vart bygd ned bit for bit. Dette var på 60-talet, og er endå viktigare i dag, etter at me har lagt to tredelar av dei store vassdraga i røyr.

At me treng meir kraft til klimaomstilling, er eit tilleggsargument som kjem opp for kraftutbygging i Vossavassdraget. Då vil me minna om at FN sitt klimapanel i sin siste rapport var heilt soleklare på at me må spela på lag med naturen for å bremsa klimakrisa. Klimapanelet argumenterer for at me må restaurera øydelagde økosystem i tillegg til å verna 30 til 50 prosent av økosystema på land, i ferskvatn og i havet. Øydelegg me naturen i eit forsøk på å berga klimaet, skyt me oss sjølve i foten.

Voss treng god klimatilpassing for å møte ei våtare og varmare framtid. Å øydeleggja verna natur er ikkje løysinga.